



Ortnevik Grendelag

**Mars 2016.**

Joar melder 66 mm. nedbør i mars.

Sjølv om heile bygda var dekkja av snø siste dagen i månaden, så har vinteren slept taket og våren er komen til bygda også i år >

Kva er finare enn grønfargane om våren med kvit snø på fjella, blåfarga fjord og himmel?



-----

### **Påskeduk:**



Marny lagar mykje fint, no til påske vart denne duken ferdig.

Teknikken ho brukar er strikking

For Marny er dette først og fremst ein fin hobby. I dei lange vinterkveldane er det godt å ta handarbeidet fram, ho har laga mange store og mindre dukar.



-----

### **Nina og Inge fortel:**

”Vi hadde røysekatt i siloen ein kveld. Siloen var så og seie tom for silofôr og det var 7,5 m. frå låvegolv og ned . Vi prøvde først å henge ned eit tau for å sjå om røysekatten ville klatre opp etter det, men nei -. Inge heiste seg så ned for å samle saman resten av silofôret og fekk då ta dette biletet.

Røysekatten valde til sist å setje seg på haugen med silofôr og vart med då silotalja tok opp siste lasset, – frivillig men forvirra. Etterpå hoppa han ut den vesle døra frå låven då vi opna den”.

-----



## **Onsdag i påskeveka hadde Biblioteket ekstra ope og Grendelaget samla folk til orienterende medlemsmøte:**

Bibliotekar Nina fortel at mange var innom den kvelden og 29 utlån vart registrert.

Hjå Grendelaget vart møterommet stappfullt av bygdefolk, hyttefolk og andre. Det var servering av kaffi og gode kaker.

Leiaren i laget, Inge orienterte om fleire aktuelle saker for bygda. Som: Dab dekning, sentrumsplan, byggjeland, husvære, småbåthamn, skilting og anna.

Eldar synte film frå kanotur og hyttebygging på Solrenningane.

Han orienterte og om Kveiteoppdrettet og andre aktuelle saker.

Harald Frode viste fram eigenproduserte skilt >

Etter bestilling har han no laga over 20 skilt som skal setjast opp for turstiane i bygda.



## **Årsmøte i Grendelaget:**

Styret la fram ei fyldig årsmelding, som viste eit svært aktivt år i laget. Rekneskapan viste at laget for tida er solid og viste fleire positive postar. Kan gjerne nemne grasrotandelen.

Styret takkar alle som har registrert Grendelaget når de spelar på norsk tipping. Vi prøver å bruke pengane på ein god måte for bygda!

Det sitjande styret vart attvald. Frå venstre: *Inge-leiar, Eldar-kass, Janne Karin-nestleiar* >



Torbjørn er vara til styret. Nina og Frode er revisorar. Joar og Helge D. er valnemnd.

Møtet vedtok å løyve 5000 kroner til sikring av turvegen i Grisegjelet.

Møtet vedtok å sende klage på endringa som Posten gjorde frå 1 mars, der landpostbodet ikkje skal ta med pakkepost same dagen. Dette brevet skal gå til Posten og til alle Stortingsrepresentantane frå Fylket vårt.

**Bord:**

No er det laga steinbord ved benken i Vassdalen.

Ta gjerne med kaffikoppen på tur. *Byggherrane kviler etter jobben >*

**Dugnad:**

Det var dugnad på utrensning av det ytre lageret på butikken, mykje gamalt og verdiløst hadde samla seg opp gjennom mange år. Mange kom for å hjelpe til og dei vart løna med pizza då arbeidet var ferdig



Neste Gudsteneste i Ortnevik vert 1 mai kl 1100, ved Andreas Ester.

**Med helsing frå Grendelaget!**